


INNOVASJON OG TRADISJON

Skjåk kommune  
Vedtekter næringsfond  
Revisjon 2025

Høringsutkast



# Vedtekter Næringsfond

## Innhold

|                                    |   |
|------------------------------------|---|
| § 1 Formål                         | 3 |
| § 2 Krav til søknad                | 3 |
| § 3 Klageadgang                    | 3 |
| Reglar                             |   |
| Kapittel 1 - Næringsformål         | 5 |
| Kapittel 2 - Landbruk              | 6 |
| Kapittel 3 - Samfunnsutvikling     | 8 |
| Kapittel 4 - Grøn omstilling       | 8 |
| Praktisk informasjon               |   |
| Skjåk kommune gir ikkje støtte til | 9 |
| Endring av vedtekter               | 9 |
| Delegering                         | 9 |

## § 1 Formål

«Gründerbygda med god energi»

Målsetting: Næringsfondet skal bidra til å auke og trygge busettaden i kommunen, støtte utviklinga av eksisterande bedrifter og legge til rette for nye arbeidsplassar, samt utvikle eit attraktivt og inkluderande lokalsamfunn for alle.

Næringsfondet skal ikkje nyttast til driftskostnad, men kan nyttast til kommunalt næringsarbeid. Det er eit krav at verksemda ligg i Skjåk og/eller har

hovuddelen av verksemda i Skjåk. Unntak kan gjerast der det er store positive ringverknadar for kommunen eller region vår.

## § 2 Krav til søknad og utbetaling

Dette er generelle retningslinjer.

- Søkand skal fortrinnsvis fremjast før tiltaket blir sett i verk.
- Søknad skal innehalde prosjektbeskriving, budsjett og finansieringsplan. Eige søknadsskjema skal nyttast.
- Dersom søknaden inneheld eigeninnsats, skal timesatsen på eige arbeid spesifiserast.
- Eigeninnsats kan inkluderast med inntil 20% som ein del av den totale finansieringa i finansieringsplan. Eigeninnsatsen skal dokumenterast med førtel timelister på eige skjema.
- Tilskot skal utbetalast etter at tiltaket er gjennomført og det er levert prosjektrekneskap/-rapport. I sakar der tilskotet kjem over kr 30.000 kan tiltakshavar beom ei delutbetaling. Denne skal ikkje overskride prosentvis del av fullføringa av prosjektet.
- Tilskot som ikkje blir nyttta innan tre år etter utløpet av det kalenderåret løvinga vart gjeven, skal krevjast attende. Fristen kan forlengast ved særlege grunnar.
- Før det søker om støtte frå Skjåk kommune sitt næringsfond skal det det søkast om finansiering frå andre offentlege instansar. Samla offentleg støtte skal ikkje overskride gjeldande prosentvise maksimaltsatsar for næringsfondet.

## § 3 Klagerett

Vedtaket er eit enkeltvedtak som følgjer Forvaltningslova og kan klagast til Skjåk kommune. Klagefristen er tre veker rekna frå dagen vedtaket vart motteke av adressaten.

# Reglar



1

## Kapittel - Reglar knytt til næringsformål

- Kapittel 1 - Næringsformål
- Kapittel 2 - Landbruk
- Kapittel 3 - Samfunnsutvikling
- Kapittel 4 - Grøn omstilling

Samla finansiering frå fondet skal ikkje overstige 20 pst av det totale kapitalbehovet for eit prosjekt. Ved særleg kostnadskrevjande og innovative tiltak eller tiltak av særleg samfunnmessig nytte, kan maksimaltsane fråvikast.

### Investeringar

- Støtta er avgrensa til kr. 750.000,- til ei og same bedrift i etableringsfasen(over 5 år). Det kan gjerast unntak frå denne regelen, slik at verksemder som har vore i gang kortare tid, men som har behov for ytterlegare investeringar ved særskilte høve kan få nytt tilskot.
- Bedrifter som har vore i drift meir enn 5 år og som søker på nytt, kan som hovudregel maksimalt få tildelt tilskot på kr. 350.000,- over ein ny 5-årsperiode.
- Bedrifter kan søke om reinvestering på inntil 10% av totalkostnad. Tilskot blir vurdert ut i frå innovasjonsgrad, utviklingspotensiale og normal nedskrivingstid.

### Bedriftsutvikling

- Bedriftsutvikling, utvikling av nye produkt og nye marknadar.
- Kompetansehevande tiltak som bedrifa er pålagde, nødvendige for rekruttering, eller knytt til nye marknadar og produktutvikling.
- Internship/traineeordningar med hensikt om å styrke tilgangen til kompetent arbeidskraft i Skjåk.
- Forsking- og innovasjonsprosjekt som styrker næringslivet og Skjåksamfunnet.

### Etableringsstipend

- Førstegongsetablerarar som ønskjer å etablere seg i Skjåk, kan søkje om eit etablerarstipend på inntil 200.000 kroner, avhengig av sysselsettingseffekt målt i årsverk. Ei bedrift blir vurdert som nyetablert i to år frå registreringsdato i føretaksregisteret.
- Søknaden skal innehalde ein realistisk forretningsplan med budsjett og finansieringsplan.
- Stipendet blir utbetalt over tre år: 50% første året, 25% andre året og 25% tredje året. Før utmåling andre og tredje året, skal det leggjast fram rapport som dokumenterer aktivitet og inneheld rekneskap for verksamda.
- Som nyetablering blir ikkje rekna: utskiljing frå etablert bedrift, oppskalering, nye produkt, ny marknad eller flytting av bedrift til Skjåk. Om verksemda blir flytta ut i denne perioden, vil avkorting måtte pårekna.
- Nyetableringar skal ha nytt innhald og nytt organisasjonsnummer. Ved eigarskifte som medfører større omlegging av drifta eller særskilte behov for oppstartskapital kan det ut frå ei særskilt vurdering gjevast etablerarstipend.
- Ordninga har ei forventning om sysselsettingseffekt, og blir utmålt slik:

≤ 0,5 årsverk: 100 000 kroner  
> 0,5 årsverk: 200 000 kroner

## Vatningsanlegg

Tilskot kan gjevast til oppgradering av vatningsanlegg. I tilskotsgrunnlaget kan det godkjennast kostnad til fast leidningsnett, pumpeanlegg, damanlegg og framføring av elektrisk kraft til pumpe.

- Overflateutstyr som t.d. vatningsvogn blir ikke godkjent som del av kostnadsoverslaget.
- Prosjekt som berre består av utskifting av pumpe og motor gjev ikke grunnlag for tilskot. Med unntak av utskifting av pumpe som er grunnlag for reinvestering.

## Nydyrkning

Tilskot kan gjevast til nydyrkning av jordbruksareal for bruk over 10 dekar. Søkar må dyrke minimum ein dekar for å få tilskot. Tilskot kan gjevast med inntil kr 5 000 pr dekar fulldyrka areal. Tiltaket skal vere godkjent av kommunen.

## Driftsbygningar

Skjåk sitt næringsfondet kan gje tilskot til delfinansiering av driftsbygningar i jordbruket. Søknaden må vere slik at den kjem under regelverket for IBU-ordninga for tradisjonelt landbruk, men likevel ikke får IBU-midlar.

Investering i nytt brannvarslingsanlegg, elektriske anlegg og liknande kan inkluderast i kostnadsoverslaget. Mjølkeanlegg kan godkjennast når utbetringa skjer i samband med modernisering elles av driftsbygningen.

Det er følgjande krav til investeringa:

- Nybygg /utviding /ombygging, modernisering, eller dersom anlegget er over 25 år.
- Investeringa må vere på minst kr. 200.000,-.
- Kostnadsoverslaget kan omfatte fastmonterte driftsmiddel.
- Tiltak av vedlikehaldsprega karakter blir ikke prioritert.

## Kjøp av mjølkekvote

Kjøp av mjølkekvoter til eige bruk gjev grunnlag for tilskot inntil 10% av kjøppsummen.

## Miljøtiltak i landbruket

Tilskot kan gjevast til tiltak som bidrar til meir klima- og miljøvennlig landbruk. Aktuelle tiltak kan vere bygging av plansilo, høytørke etc. Beiteland kan søke om tilskot til innkjøp av virtuelle gjerde. Vedlikehaldsprega tiltak blir ikkje prioritert.

### Bygging av skogssvegar

Tilskot kan gjevast til både nybygging og ombygging av eksisterande vinar.

Vilkår:

- Ved ombygging skal standarden hevast minst ei vegklasse.
- Vegplan må vera utarbeidd av fagfolk og godkjent av kommunen før søknad kan sendast.
- Vegen skal byggjast i samsvar med «Normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse» utgjeve av Landbruksdepartementet i 1997.
- Minste kostnadsgrunnlag: kr 30 000.
- Tilskot: inntil 20 % av godkjent kostnadsoverslag.
- Felles veganlegg vil bli prioritert.
- Enkeltanlegg får ikke tilskot dersom felles veganlegg er mogleg.
- Et eventuelt statstilskot (NMSK) blir trekt frå det kommunale tilskotet.
- Utbetaling skjer etter at vegen er godkjent av kommunen og kostnadane dokumentert.
- Miljøkrav etter skogbrukslova og forskrifter skal følgjast.
- Vegeigar skal halde vedlikehald i minst 15 år.
- Tilskotet kan krevjast attendebetalt dersom vilkår ikke blir oppfylte.

### Skogkultur

Tilskot til ungskogpleie i hogstklasse 2. Inntil 70 % av kostnadane. Tiltaket skal førehandsgodkjennast av kommunen. Samla tilskot skal ikke overstige 70%. Tiltaket må følgje PEFC skogstandard.

Tilskot til førehandsrydding. Inntil 70 % av kostnadane. Tiltaket skal førehandsgodkjennast av kommunen. Tiltaket må følgje PEFC skogstandard.

Tilskot til utviklingstiltak som kjem lokalsamfunnet til gode. Bedrifter, næringsforeininger og kommunen kan søkje om tilskot.

Det kan søkjast støtte til:

- Kommunale/regionale prosjekt som bidreg til auka omdøme og attraktivitet.
- Inkludering- og tilflyttingsarbeid.
- Ungt entreprenørskap, t.d tilskot til elev og ungdomsbedrifter.
- Fellestiltak som gjev positive ringverknadar for næringslivet.
- Det kan gjevast 10% til ny vassforsyning.

Grøn omstilling handlar om å fremje ei meir berekraftig utvikling i næringslivet. Klimasmart kan vere tiltak som reduserer utslepp, aukar energieffektiviteten eller nyttar fornybare ressursar. Det er òg stadig fleire krav til næringslivet på dette området, og næringsfondet kan bidra til å møte desse.

Det kan søkjast støtte til:

- Tilskot til miljøsertifisering på maksimalt kr 20.000, maks 50% av dokumentert kostnad. Resertifisering blir ikkje støtta.
- Tilskot til skredfarevurdering. Tilskotet er avgrensa til 20% eller maksimalt 50 000,-. Dersom tilskotet omhandlar fleire bustadar/bedrifter/større areal er det mogleg å utvide tilskotsatsen.
- Tilskot til klimasmarte tiltak. Tilskot som har klare positive klimaeffekter kan støttast opp til 30%. Samarbeidande bedrifter kan få høgare grad av støtte.

## Praktisk informasjon

### Skjåk kommune gir ikkje støtte til:

- Kjøp av eigedom.
- Kjøp av verksemder.
- Anskaffing av varelager og investering i lett omsettelege varar.
- Drift av verksemder.
- Kjøp, leasing og vedlikehald av motoriserte kjøretøy, datamaskin, nettbrøtt, mobil o.l.

### Endring av vedtekter

Vedtekten kan endrast ved vedtak i kommunestyret. Presedens skal ikkje nyttast ved vurdering av nye saker.

### Delegering

- Administrativt: < 50 000
- Hovudutvalet for miljø- og samfunnsutvikling: ≤150 000
- Formannskapet: ≤ 300 000
- Kommunestyret: > 300 000
- Dispensasjonsvedtak skal grunngjevast og handsamast av Formannskapet.



Foto: Jarle Hvitsten

